

Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Torsdag 23.mars 2023, kl.12:00-15:00.

Stad: Bergen – Campus Kronstad (møterom M160 i 1.etasje)

Deltakarar:

Randi Skår (dekan, møteleiar)

Therese Bøyum (fakultetsrådgivar, sekretær) – deltek digitalt

Eksterne representantar:

Marianne Clauda Bjørkly (kompetansekoordinator/Prosjekt Økt kompetanse, NAV Fylkeskontor Vestland)

Olav Klausen (administrerende direktør, Helse Fonna)

Elin Wetås Jara (spesialrådgivar, KS)

Einar Hovlid (fagdirektør, Statens helsetilsyn) (vararepresentant) – deltek digitalt

Interne representantar:

Lovise Haugen Wiik (rådgivar)

Ole Tormod Kleiven (førsteamanuensis) – deltek digitalt

Kjetil Grimstad Lundberg (professor)

Eireen Finden (høgskulelektor)

Gjester i møtet:




Unni Margrethe Uren Aasen (prodekan utdanning) (deltek digitalt), Christine Øye (prodekan forskning) og Trude Engebretsen (administrasjonssjef).

Forfall:

Sverre Simen Hov (næringspolitisk rådgivar, Bergen Næringsråd)

Hilde Almås Bø (student)

Maria Knudsen (student)




Sak	Saks- type ¹	Saksframlegg	Kva skal skje i møtet?
Sak 5/23 : Strategisk styring av studieportefølje	D	<div style="display: flex; justify-content: space-around; align-items: flex-start;"> <div style="text-align: center;">  Vedlegg 1 til sak 5-23.pdf </div> <div style="text-align: center;">  Vedlegg 2 til sak 5-23..pdf </div> </div> <div style="text-align: center; margin-top: 20px;">  Presentasjon til sak 5-23.pptx </div>	<p>Unni Margrethe Uren Aasen (prodekan utdanning) deltek i møtet, og orienterer fakultetsrådet om arbeidet som pågår i HVL med å utvikle felles prinsipp for strategisk styring av studieportefølje (jamfør vedlegg 1).</p> <p>Vidare vil fakultetsrådet bli orientert om status og utfordringar knytt til arbeidet med utvikling av studieporteføljen i FHS for studieåret 2024-2025, som grunnlag for drøfting og innspel frå fakultetsrådet (jamfør vedlegg 2).</p>
<p>Referat i sak 5/23:</p> <p>Dei nasjonale utviklingstrekk i styring av UH-sektoren syner store endringar i rammevilkåra, og HVL står overfor store omstillingsprosessar. Nye politiske føringar og endringar i rammevilkår krev strategiske vurderingar ved HVL, og det vert naudsynt å omprioritere ressursar, bygge opp/ned fagmiljø og endre studieporteføljane. Studenttalet går også noko nedover, som i landet elles, og dette gir forventa lågare inntekt framover. Vi må difor dimensjonere studieporteføljen vår slik at vi fyller studieplassane i størst mogleg grad, då dette er den viktigaste kjelda til inntening.</p> <p>Fire tiltaksområde for omstilling blir løfta fram i HVL i 2023, for å møte lågare inntektsrammer i 2024-2026. Å etablere felles prinsipp for strategisk utvikling av studieporteføljen, er eit av tiltaksområda for omstilling i HVL. Prodekan utdanning orienterte fakultetsrådet om det pågåande arbeidet med å etablere felles prinsipp for strategisk utvikling av studieporteføljen (jamfør vedlegg 1 og vedlagt PowerPoint-presentasjon frå møtet).</p> <p>Vidare vart fakultetsrådet orientert om status og utfordringar knytt til arbeidet med utvikling av studieporteføljen i FHS for studieåret 2024-2025 (jamfør vedlegg 2 og vedlagt PowerPoint-presentasjon frå møtet).</p> <p>Innspel frå fakultetsrådet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eksterne representantar gir gode tilbakemeldingar på arbeidet med å etablere overordna prinsipp for strategisk styring av studieportefølja, og meiner det er særskilt positivt at styringsverktøyet støtter opp under ei berekraftig samfunnsutvikling – der det går tydeleg fram at HVL skal utdanne kandidatar som skal bidra til ei berekraftig utvikling av samfunnet, i takt med demografiske og teknologiske endringar. 			

¹ D = Drøftingssak O=orientering

- I HVL ser ein tendens til at stadig fleire studentar ønskjer å ta utdanning på deltid. Ein ser allereie ei todeling av studentgrupper, der vi har dei yngre heiltidsstudentane og dei eldre studentane (25 år pluss) som søker seg til meir fleksible studietilbod. Det kan bli naudsynt å etablere fleire fleksible løp på bachelornivå, for å tilpasse seg den nye søkergruppa med eldre studentar. Vi ser også tilsvarande tendensar til at søkjertallet går ned, i dei utdanningane der vi ikkje har fleksible tilbod. Det er også ein generell nedgang i søkjertall, grunna lågare ungdomskull.
- Representant frå KS stadfester at det er behov for fleksible løp i kommunane. Det er behov for tilbod som gjer det mogleg å kombinere jobb og utdanning, for å heve kompetansen som kommunane treng. Det er i kommunane si interesse å bidra inn i utarbeiding av desse tilboda.
- Intern representant påpeiker at det er krevjande å tilrettelegge for praksisavvikling i fleksible utdanningar. Eksempelvis er det meir krevjande å tilrettelegge for praksisavvikling i eit deltidsstudie, der det er behov for 50 % praksisavvikling over lengre tid, enn 100 % praksis i ein kortare periode.
- Interne representantar melder om at studentar gir blanda tilbakemeldingar på fleksible studietilbod. Nokre studentar meiner det er positivt, fordi dei kan behalde jobben ved siden av studiar (særleg aktuelt for eldre studentar med familie og behov for økonomisk tryggleik). Vidare er det generelt krevjande å gjere studentar nøgde med fleksible studietilbod, då ein ikkje klarer å skape det same studentmiljøet og det er større krav til sjølvstudium. Mange studentar har også forventingar om at dei ikkje treng å legge inn like mykje arbeidsinnsats i utdanningar som går på deltid. Erfaring syner at mange studentar som tek master på deltid vert overvelda over kor mykje eigeninnsats eit deltidsstudie faktisk krev. Dersom vi skal fleksibilisere bachelorutdanningar, bør det gjerast ei risikovurdering - jamfør erfaringane frå master på deltid.
- Representant frå helseføretak syner til styringssignal frå KD, der det er ei forventning om at universitet og høgskuler skal prioritere livslang læring og fleksible og desentraliserte tilbod (slik at utdanning og kompetanseheving blir tilgjengeleg og uavhengig av bustad og livssituasjon). Representant meiner at HVL allereie har lukkast i å etablere eit tilstrekkeleg tilbod om desentraliserte utdanningar, og meiner at hovudfokus i studieporteføljeutvikling bør vere på å styrkje grunnutdanningane. Når det gjeld livslang læring, meiner representanten at desse utdanningstilboda bør opprettast etter direkte etterspurnad frå til dømes helseføretak (med livslang læring meinast her: etter- og vidareutdanning). Vedkommande meiner det bør satsast mindre på livslang læring generelt, og heller prioritere livslang læring til dei føretaka som har eksplisitte behov – samt søkje meir eksternfinansiering av desse studietilboda.
- Representant frå NAV opplyser om at det er stor etterspurnad etter vidareutdanning, og at mange tilsette i NAV tar desse tilboda. Det er også interesse og potensiale for vidare samarbeid mellom NAV og HVL om utvikling av etter- og vidareutdanningar, og trekker fram vidareutdanninga «Helse- og velferdsforvaltning» som eit godt døme på korleis samarbeid kan organiserast.
- Ekstern representant frå Statens Helsetilsyn peiker på ei av dei store utfordringane i framtida: rekruttering av personell med helse- eller sosialfagleg utdanning (særleg i distrikta). Arbeidet med fleksible løp er difor veldig viktig, særleg for distrikta. Dette kan imidlertid kome i konflikt med prinsipp for strategisk utvikling av studieportefølje, men samfunnet totalt sett vil vere veldig avhengig av dette for å klare å rekruttere i distrikta.

Oppfølging av saka:

Prodekan for utdanning tar med seg innspela, i det vidare arbeidet med studieporteføljeutvikling i FHS/HVL. Det kan bli aktuelt å følgje opp denne saka i seinare møte i fakultetsrådet, i vurdering av konkrete avgjersler knytt til endringar i studieportefølje ved FHS.

<p>Framhald av sak 3/23 (frå førre rådsmøte):</p> <p>Utfordringsbilete og kompetansebehov i arbeidslivet</p>	<p>O</p>	 <p>Orientering frå KS.pdf</p>	<p>HVL som institusjon er avhengig av det eksterne perspektivet, for å styrkje samfunnsrelevansen til fakultetet si verksemd.</p> <p>I møtet den 19.januar vart dei eksterne medlemmane i fakultetsrådet invitert til å legge fram korleis dei (frå sin ståstad) erfarer behovet for og utfordringane knytt til utdanning, forskning og kompetanse i samfunnet relatert til fakultet for helse- og sosialvitskap sin portefølje.</p> <p>I dette møtet vil representant frå KS gje ei kort orientering om utfordringsbilete og kompetansebehov sett frå kommunesida.</p>
<p>Referat i sak 3/23:</p> <p>Representant frå KS orienterte om utfordringsbilete og kompetansebehov sett frå kommunesida.</p> <p>Vedlagt finn de ei oppsummering av orienteringa.</p> <p>Representantane stilte avklarande spørsmål undervegs, og tok elles saka til vitande og takka for eit godt innlegg.</p>			
<p>Sak 6/23:</p> <p>Tiltak for å auke ekstern inntening og betre utnytting av FoUI-tid</p>	<p>D</p>	 <p>Presentasjon til sak 6-23.pptx</p>  <p>Fakultetsplan FHS.pdf</p>	<p>Christine Øye (prodekan forskning) deltek i møtet, og orienterer fakultetsrådet om samanhengen mellom HVL verksemdstrategi, Fakultetsplan FHS og forskning - med vektlegging av tiltak for å auke ekstern inntening og betre utnytting av FoUI-tid.</p> <p>Prodekan forskning gir nødvendig informasjon om utfordringsbiletet, som grunnlag for drøfting og innspel frå fakultetsrådet.</p>
<p>Referat i sak 6/23:</p> <p>Prodekan forskning orienterte fakultetsrådet, med utgangspunkt i vedlagt PowerPoint-presentasjon.</p> <p>Avslutningsvis i vedlagt presentasjon, var det sett opp forslag til diskusjonspunkt, som grunnlag for drøfting i møtet. Diskusjonspunkta er gjengitt under:</p> <ul style="list-style-type: none"> > Korleis auke søknad om eksterne midlar? > Kva for insentiv kan vi gjere for at tilsette med førstekompetanse søker eksterne midlar? 			

- › Korleis kan vi utnytte betre den samla FoUI-tida?
- › Korleis stimulere gode forskingsmiljø ytterligere?
- › Korleis kan vi rekruttere fleire med førstekompetanse?


Innspel frå fakultetsrådet:

- Ekstern representant frå helseføretak minner om at HVL må framstå som ein attraktiv samarbeidspartnar, og at det vert naudsynt å bruke aktiv profilering for å nå ut med denne budskapet. Kan HVL delta meir i samfunnsdebatten? HVL har allereie ei særskild brei kontaktflate ut mot samarbeidspartar, men det er truleg naudsynt å gjere større nytte av dette nettverket.

I Helse Fonna er det, ifølgje ekstern representant, ei flat tildeling av FoUI-tid og mindre oppfølging/rapportering samanlikna med FHS. Representanten anerkjenner at dette er ei generell utfordring i UH-sektoren, og at det er viktig å finne ein balanse mellom «pisk og gulrot».

- Ekstern representant frå KS påpeiker at kommunane er ein særskild aktuell samarbeidspartnar, når det gjeld eksternfinansiering. Kunnskapsbasert praksis vert trekt fram som døme på ein mogleg inngang her. Elles jobbar kommunane med å bli betre på formulering av forskingsbehov. Det er stort potensiale for meir samforskning mellom kommunane og utdanningsinstitusjonar. Representanten stiller også spørsmålsteikn ved gevinsten / etterbruken av offentleg sektor-ph.d. Mobiliserer vi denne kunnskapen? Er det aktuelle prosjektgrunnlag frå desse?
- Intern representant syner til utspel frå Ola Borten Moe, om at det er for lågt tilslag på søknadane om eksterne midlar og at det vert brukt for mykje tid på søknadsskriving sett i forhold til gevinsten. Representanten meiner at søknadane har for låg kvalitet, og at det må opprettast betre system kring søknadsprosessane i HVL.
- Ekstern representant frå Statens Helsetilsyn påpeiker at forskning er eit lagspel, og at HVL er avhengig av det finnast nokre «lokomotiv» som dreg forskingsaktiviteten vidare. Det er naudsynt å legge til rette for at desse nøkkelpersonane, som har nettverk, innsikt og erfaring, kan dra med seg og motivere andre tilsette inn i forskinga. Kven er desse potensielle «lokomotiva» i FHS? Desse viktige ressurspersonane kan anten rekrutterast eksternt eller alast opp internt. Representanten hevder at det ikkje er gode nok incentiv pr i dag, for å bygge desse «lokomotiva» internt. Representanten meiner det er avgjerande at FHS identifiserer desse nøkkelpersonane, og vurderer andre tiltak som kan legge til rette for at desse kan bygge gode forskingsmiljø. Flat tildeling av FoUI-tid gir ikkje internasjonal toppforskning åleine.
- Det er ei forventning frå KD om HVL skal involvere studentar i forskning, og det finnast gode døme på dette i FHS. Intern representant påpeiker likevel at dette er utfordrande på masternivå, då det er for liten tilgang på studentar ein kan samarbeide med innan enkelte fagmiljø. Dersom vi tek utgangspunkt i vernepleie, er det kun ein relevant master (innan miljøterapi) som er relevant for vernepleieutdanninga. Det er krevjande å bygge prosjekt, innanfor desse rammene. Representanten meiner det er viktig med breidde i masterprogram, for å auke involvering av studentar i forskning.

Sak 7/23: Evaluering av møta i fakultetsrådet	D	Ingen vedlegg	Dekan ønskjer medlemmane sine synspunkt, på gjennomføring av møta i fakultetsrådet. Aktuelle evalueringsspunkt: <ul style="list-style-type: none">• Prioritering av saker• Førebuing av saker (gir saksgrunnlag og presentasjonar godt nok grunnlag for drøfting og innspel/involvering)• Struktur i møta• Er det ynskjeleg med fast orienteringssak, der eksterne medlem gir status og deler utfordringar frå dei ulike sektorane?• Andre innspel/synspunkt
Referat i sak 7/23: Innspel frå fakultetsrådet: <ul style="list-style-type: none">• Representantar melder om at møta har vore godt førebudd, og at møtetidspunkta har vore avklara i god tid. Det vert sagt at møta har ein god struktur, god møteleiing og at det vert gitt relevant informasjon om HVL som institusjon. Dette gir større forståelse for måten HVL arbeider og prioriterer.• Det kjem forslag om at det kanskje kunne vore sett av meir tid til frie drøftingar.• Representantane meiner det er ein god balanse mellom digitale og fysiske møte.• Når det gjeld spørsmålet, om det er ynskjeleg med ei fast orienteringssak (der eksterne medlem gir status og deler utfordringar frå dei ulike sektorane) - så vert dette godt tatt imot. Dei eksterne representantane seier det er godt å bli utfordra og bli lytta til. Det kjem forslag om at ein kunne planlagt ei orientering i kvart møte, og at det gjerne kan vere meir spissa utfordringar også.• Intern representant opplever at innspela frå fakultetsrådet blir tatt på alvor, og ser at innspela blir tatt med vidare i arbeidet ved FHS.			

<p>Sak 8/23:</p> <p>Møteplan for FHS fakultetsråd 2023/2024</p>	<p>D</p>	 <p>Vedlegg til sak 8-23.pdf</p>	<p>I tråd med mandatet, skal det haldast 3-4 rådsmøte i året, med møtevarigheit på inntil 3 timar.</p> <p>Vedlagt finn de forslag til datoar for møte i fakultetsrådet hausten 2023 og våren 2024.</p> <p>Møteplan blir vedteken etter drøftingar i møte.</p>
---	----------	---	---

Referat i sak 8/23:

Rådet vart samde om å gjennomføre fire rådsmøte komande studieår (haust 2023/vår 2024).

Medlemmane vart samde om følgande møtedatoar:

Tidspunkt	Lokasjon
September*	Bergen
Torsdag 16.november kl.09:00-11:00	Digitalt
Torsdag 14.mars kl.12:00-15:00	Bergen
Torsdag 30.mai kl.09:00-11:00	Digitalt

Sekretær sender ut møteinnkallingar fortløpande.

*Møtedato i september blir avklara i e-post.

<p>Sak 9/23:</p> <p>Eventuelt</p>	<p>D</p>		
-----------------------------------	----------	--	--

Det var ingen saker under eventuelt i dette møtet.